

E39 Svegatjørn–Rådal

Veg- og tunnel- bygging i Os kommune

APRIL 2016

E39 SVEGATJØRN–RÅDAL • NÆRINFO NR. 5



Det vil bli langt meir trafikk på fv.552 gjennom Osøyro når E39 blir stengt i retning nordover mellom Moberg og Tøsdal frå 2. mai til 4. september.

E39 Moberg-Tøsdal 2. mai til 4. sept:

Stengt for køyring mot nord

E39 mellom Moberg og Tøsdal blir stengt for all trafikk i retning nordover frå Halhjem mot Bergen frå mandag 2. mai til søndag 4. september 2016.

Det skal utførast tungt vegarbeid langs E39 mellom Ulvenvatnet og Tøsdal i denne perioden. Både sprenging, graving og masseflytting vil pågå. Det skal etablerast ei ny, djup grøft for nye leidningar for overvatn og spillvatn, samt kommunal VA-leidning mellom Svegatjørn og Ulvenvatnet. Difor treng ein eine køyrefeltet til anleggsarbeid i desse fire månadene. Omkjøring for trafikk nordover blir på fv. 552 om Osøyro.

Best i skuleferien

Det har vore gjort utgreiing om trafikkstraumar og vurdering av kva tid på året og i kva retning stenginga skal gjennomførast. Ein har vald sommarperioden med skuleferie i store delar av perioden og gode køyretilhøve.

Ei vurdering av framkomst-tilhøve gjennom dei mange rundkjøringane, tilseier at trafikken frå Halhjem mot Bergen må ta omkjøringsvegen om

Os sentrum. Trafikken mot Halhjem går som vanleg langs E39 mellom Tøsdal og Moberg, i det eine køyrefeltet som blir halde ope her.

Ved sprenging i anleggsområdet må også denne trafikken pårekne kort ventetid, på inntil 10 minutt om gongen.

Det vil bli auka trafikk på fv. 552 gjennom Osøyro desse fire månadene.

Tunge tak i marka

Det er ein stor maskinpark i sving i Endalausmarka i Os.

Digre lastedumparar og rikeleg med boreriggar og gravemaskiner pregar utmarka, der anleggsvegar no buktar seg gjennom landskapet. Skog og myr er omgjort til eit stort anleggsområde, med grusvegar og fyllingar.

Det er bygt 1.200 m anleggsveg som grunnlag for bygging av både kring 1 km E39 med stort kryssområde og ein km med ny fylkesveg.

Anleggsvegen skal fjernast i løpet av 2017. Difor er anleggsvegen bygt på fiberduk, utlagt i veglinja før massane blei lagt over.

I nordenden av E39-linja gjer entreprenøren seg klar til påhogget til den 9,2 km lange Lyshorntunnelen, mellom Endalausmarka og Rådal. Og i sørrenden av marka blir tilsvarande påhogg til den 1,5 km lange Skogafjellstunnelen sprengt, for trafikken mellom Endalausmarka og Svegatjørn.

Kvernåsjøen ligg heilt i sør i dagsona for E39 i marka. Vatnet er tappa ned kring 15 meter.

Sørvest for det ferdige E39-anlegget vil arealet inngå i Lyseparken næringsområde. I nord vil vatnet bli fylt opp att til det nivået det hadde før anlegg arbeidet tok til her.

Ekstra veg

Det ligg inne ein opsjon på eit tilleggsoppdrag for Statens vegvesen om mogleg bygging av ny fylkesveg mellom Åsen og Helleskaret. Denne saka er til handsaming i Hordaland fylkeskommune. Ein vil kome tilbake til informasjon om dette når det ligg føre ei nærmere avklaring.



Bygging av E39 i Endalausdalen i april 2016. Innslaget til Lyse



Kvernåsjøen er tappa ned med 15 meter i byggeperioden.

Farleg område

Statens vegvesen og entreprenørane minner om at Endalausmarka vil vere eit anleggsområde i fleire år framover. Det er farleg å ta seg inn i marka for å gå tur her i anleggsperioden. Det pågår sprenging og masseflytting med tunge maskiner. Det er godt skilta på vegar og stiar i området om at dette er anleggsområde, utan tilgang for andre enn dei som jobbar her. Det er også sett opp sperringar ved farlege punkt inne i anleggsområdet.

arka utan ende



...shorntunnelen kjem i fjellet i bakgrunnen.



Kring 1.200 m anleggsveg er lagt på duk.



Skogafjellstunnelen ved Svegatjørn.

Tunnelarbeid

Arbeidet med Skogafjellstunnelen tok til fra Svegatjørn 22. februar 2016. Når anleggsveg og påhogg til tunnelen er ferdig på nordsida av Skogafjellet, vil driving av Skogafjellstunnelen og kunne ta til fra nordenden, i Endalausmarka. Dette vil truleg skje hausten 2016.

Det vil i løpet av våren 2016 bli start med driving av Lyshorntunnelen fra

sør – i Endalausdalen. Drivinga av tunnelen fra nord mot sør skjer fra enden av den 250 m lange tilkomsttunnelen ved Klokkarvatnet i Fana.

Svegatjørn

Nedtappinga av Svegatjørn er på det nærmeste fullført.

Massane fra Skogafjellstunnelen vil gradvis bli deponert i tjørn-området. Fyllinga blir bygt opp her vidare gjennom



Svegatjørn april 2016

året og skal gi rom for nye E39, og kryssområde med lokalvegane her.

Informasjon om sprenging

Entreprenøren har tilbod om gratis varsling med sms før sprenging:

Send **sms til 1963** med følgjande kode-ord:

SVEGATJØRN, ENDALAUSMARKA eller HAMRE

Spørsmål om prosjektet?

Ring 469 15 177 – eller e-post til e39svegradal@vegvesen.no

For mer info:

www.vegvesen.no/Vegprosjekter/e39svegatjornradal

www.facebook.com/SvegatjornRaadal